

ID 349.25
AMH/thm

Ordførarar og kommunedirektørar/rådmenn i Sunnhordland

INNKALLING TIL MØTE I SUNNHORDLANDSRÅDET
Fredag 4. april kl. 09.30, Sunnhordland folkehøgskule, Kvinnherad

Tidsplan:

Kl. 08.15	Ferja frå Skjersholmane til Ranavik
Kl. 09.00	Møte i Region Sunnhordland IKS sitt representantskap (sjå vedlagt sakslista)
Kl. 09.30	Møte i Sunnhordlandsrådet IPR (sjå sakslista under)
Kl. 11.00	Orientering Geopark Sunnhordland v/ dagleg leiar og styreleiar
Kl. 11.15	Lunsj med Hardangerrådet + orientering v/ Sunnhordland folkehøgskule
Kl. 12.00	Fellesmøte med Hardangerrådet (sjå vedlagt agenda)
Kl. 14.30	Møteslutt. Ferja til Skjersholmane kl.14:55.

Sakliste:

Sak 48/25	Godkjenning av sakslista
Sak 49/25	Rekneskap 2024 for Sunnhordlandsrådet IPR
Sak 50/25	Kartlegging av kva oppgåver som kan løysast å regionalt nivå
Sak 51/25	Skriv og meldingar a) Region Sunnhordland IKS strategisamling 13. mars 2025
Sak 52/25	Ymse

Sunnhordland, 28. mars 2025

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 4. april kl. 09.30
Sunnhordland folkehøgskule, Kvinnherad

Sak 49/25
AMH/thm

Rekneskap 2024 for Sunnhordlandsrådet IPR

Rekneskap med revisjonsmelding for 2024 blir ettersendt 31. mars.

Framlegg til vedtak:

Sunnhordlandsrådet godkjenner rekneskap for 2024.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 4. april kl. 09.30
Sunnhordland folkehøgskule, Kvinnherad

Sak 50/25
AMH/thm

Kartlegging av kva oppgåver som kan løysast på regionalt nivå

I regionrådsmøte den 14. februar la kvar kommune fram sine forslag til kva oppgåver som kan løysast på regionalt nivå frametter. Bakgrunnen for å auke det regionale samarbeidet, er den stadig tøffare kommuneøkonomien, samt mangel på folk og kompetanse. Nokon av innspela som kom i møte den 14. februar, der kommunane ser moglegheit for samarbeid er:

- Omsorgstenester
- Rekruttering av t.d. psykologar og jordmor
- Brann og beredskap
- Legevakt
- Veterinær
- Byggesak
- Tilsyn
- Lønn

Sunnhordlandsrådet blei eining om at innspela som er lista opp ovanfor, skulle takast inn til neste møte i kommunedirektørutvalet for drøfting, og at kommunedirektørutvalet så skulle legge fram sine synspunkt i regionrådsmøte den 4. april.

Saka blir lagt fram til drøfting den 4. april og startar med ei innleiing ved Kjetil Aga Gjøsæter, på vegne av kommunedirektørutvalet.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 4. april kl. 09.30
Sunnhordland folkehøgskule, Kvinnherad

Sak 51/25

Skriv og meldingar

a) Region Sunnhordland IKS strategisamling 13. mars 2025

Den 13. mars hadde Region Sunnhordland IKS sitt styre og representantskap strategisamling, for å drøfte vegen vidare for selskapet. Med bakgrunn i Region Sunnhordland IKS (RS IKS) sin Selskapsavtale og føremål, har ein starta arbeidet med å utforme selskapet sin strategi. Føremålet jmf. §3 i selskapsavtalen er som følgande:

«Føremålet med selskapet er å drive regionalt samfunns- og utviklingsarbeid. Selskapet skal bidra til auka samhandling, attraktivitet og verdiskaping i regionen.

Selskapet skal vera sekretariat for Sunnhordlandsrådet interkommunalt politisk råd (Sunnhordlandsrådet IPR) og for arbeidsutvalet til Sunnhordlandsrådet IPR.

Det vert vist til samarbeidsavtalen for Sunnhordlandsrådet IPR.»

Det blei gjennomført ein tredelt workshop, kor innspela vil danne grunnlaget for det nye strategidokumentet. Etter at selskapet som den gong då heitte Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS, blei splitta opp i to nye selskap, Region Sunnhordland IKS og Sunnhordlandsrådet IPR, så har ikkje RS IKS hatt ein strategiplan. Den opphavlege var utforma i samsvar med regionrådet sitt arbeid.

Dagen starta med at dagleg leiar gjekk gjennom noverande prosjektportefølje og gav ein status på dagens bilete. Mari Totland, dagleg leiar Ydda og varamedlem til RS IKS sitt styre, har gjennomført ein analyse av prosjekta, og presenterte funna. Desse to innleiingane danne grunnlag for workshopen, kor ein startar arbeidet med ny strategiplan for RS IKS. Denne delen vart leia av styreleiar Torstein Fjeldet Lunde.

Vidare vil det bli iverksett blant anna ei undersøking på kva regionale satsingar reiselivsnæringa og kommunane i Sunnhordland ynskjer seg for framtida. RS IKS sitt styre og representantskap kjem til å bruke Q1-Q3 2025 på å utarbeide den nye strategiplanen, slik at eventuelle endringar som må til handsaming i dei åtta kommunestyra, vil kunne sendast ut i Q3/Q4.